

## Møteinncalling

<b>Utval:</b>	Prosjektstyret - Fagskolen Vestland
<b>Møtestad:</b>	Nettmøte
<b>Dato:</b>	22. oktober 2021
<b>Tid:</b>	13.00 – 15:00

Oppmodar om at avklaring av habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i prosjektstyret ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [adeline.berntsen.landro@vlfk.no](mailto:adeline.berntsen.landro@vlfk.no)

Innkallinga gjeld valde medlemmer. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 13:00            Orientering om leiarstruktur nivå 3 v/Prosjektretktor

Kl. 13:30            Sakshandsaming

**Emil Gadolin**

Prosjektstyreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 10/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2021/753	
GK 11/21	Godkjenning av møteprotokoll frå 17.09.2021	2021/753	
VS 12/21	<b>Vedtaksaker</b> Uttale i samband med politisk sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland	2021/753	

---

**Saksnr:** 2021/753-21**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland	VS 12/21	22.10.2021

**Uttale i samband med politisk sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland****Forslag til vedtak**

1. Prosjektstyret gjev uttale til sak om eigarstyring som følgjer:

**Samandrag**

Vestland fylkeskommunen ved fylkesutvalet har i møte 09.02.2021 vedteke ei bestilling av sak om eigarstyringa av Fagskulen Vestland. Jf. den politiske bestillinga skal prosjektstyret for Fagskulen Vestland gje uttale til saka før politisk handsaming.

**Torbjørn Mjelstad**  
prosjektretor, Fagskolen i Hordaland

**Adeline Berntsen Landro**  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommunen ved fylkesutvalet har i møte 09.02.2021 vedteke ei bestilling av sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland som følgjer:

#### Vedtak

Uttale/bestilling av sak: Fagskulen i Vestland

I samband med samanslåinga av fagskulane i Sogn og Fjordane og Hordaland, er det etablert eit eige prosjektstyre. Fagskulen i Vestland blir den nest største fagskulen i landet. Arbeidet er omfattande og det er difor avgjerande at roller og ansvar er så tydeleg som mogeleg. Då må grensesnittet mot opplæringsavdelinga i Vestland fylke vera avklart.

Fylkesutvalet ber om ei sak om eigarstyring av Fagskulen i Vestland. I saka ber ein fylkesrådmannen fremja eit delegasjonsdokument som regulerer forholdet og fordeling av myndighet mellom fagskulestyret/rektor og fylkesadministrasjonen. Rolla til fylkesadministrasjonen og fylkestinget som skuleeigar og den organisatoriske plasseringen av fagskulen i fylkeskommunen, bør også drøftast.

Vidare bør saka sjå nærare på størrelsen på den fylkeskommunale delen av fagskulen sitt budsjett, samt størrelsen på Vestland fylkeskommune sitt bidrag relativt til andre fylkeskommunale fagskular i landet.

Saka skal leggjast fram for politisk handsaming hausten 2021. Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland skal gje uttale til saka før politisk behandling.

Jf. den politiske bestillinga skal prosjektstyret for Fagskulen Vestland gje uttale til saka før politisk handsaming. Saka om eigarstyring har følgjande plan for handsaming:

- |  |            |
|--|------------|
| • Yrkesopplæringsnemnda                  | 21.10.2021 |
| • Hovudutval for opplæring og kompetanse | 26.10.2021 |
| • Hovudutval for næring                  | 26.10.2021 |
| • Fylkesutvalet                          | 09.11.2021 |
| • Fylkestinget                           | 15.12.2021 |

Uttalen frå prosjektstyret vil såleis kunne følgje saka frå og med handsaminga i opplæring og næring, sam næringsutvalet.

I saka om eigarstyring av Fagskulen Vestland vert det gjort greie for lovverket og historikk knytt til styring av fylkeskommunale fagskular. Vidare vert det gjort greie for rolla til fylkestinget som skuleeigar, samt rolla til fylkesdirektøren og fylkesadministrasjonen. Relasjonen mellom styret/rektor og fylkesadministrasjonen vert også drøfta. Til slutt vert det gjort greie for korleis Vestland fylkeskommune kan utøve eigarstyring av Fagskulen Vestland, organisatorisk plassering av fagskulen, samt framlegg til endringar i vedtekter for styret for Fagskulen Vestland i høve til dagens vedtekter. Fylkesdirektøren tilrår i saka at vedtektene for styret syner fordeling av kompetanse mellom skuleeigar og styret.

I tillegg til saka om eigarstyring er det også til handsaming, med same plan som vist over, ei melding om det fylkeskommunale tilskotet.

Under følger lenkje til saka med vedlegg:

Saksutkast:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=7030&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=446893&sourceDatabase=>

Vedlegg 1:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=446893&documentId=978380>

Vedlegg 2:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=446893&documentId=978379>

Her er også lenkje til meldinga om det fylkeskommunale tilskotet:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=7029&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=517222&sourceDatabase=>

Som det kjem fram av forslag til vedtak i denne saka om uttale frå prosjektstyret vert uttalen vedteke i møtet.

### **Vedtakskompetanse**

Jf. vedtak i fylkesutvalet 09.02.2021 om sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland skal prosjektstyret ha høve til å gje uttale i samband med saka.

### **Konklusjon**

Prosjektretor vil tilrå at prosjektstyret vedtek uttale til sak om eigarstyring i møtet.